

## MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN OG UNGE?

### 1. SJÅ

#### Fysiske teikn

- Sår og blåmerke, gjerne fleire stader på kroppen
- Brann-, stikk og kuttskadar
- Vondt i magen, hovudverk, svimmelheit
- Søvn- og etevanskar (brekning)
- Dårlig tannhelse, skadar i munnhole
- Sår og smerter i underliv
- Sjølvskading

#### Psykiske teikn

- Endring av åtferd og / eller sinnsstemning
- Utagerande åtferd (fysisk / verbalt)
- Uro og irritabilitet, stadig på vakt
- Konsentrasjonsvanskar
- Overdriven imøtekomande åtferd
- Svært kontaktsøkande eller avvisande åtferd
- Skadeleg seksuell åtferd (SSA)
- Tilbaketrekt og nedstemt / trist

#### Signal

- Reagerer på berøring
- Bruk av rusmiddel
- Hyppige legebesøk (med diffuse problem)
- Han / ho set seg imot innsyn i familien
- Familien motset seg kontakt med hjelpeapparat / tek kontakt for seint
- Ver obs på «skjulte» bodskap

#### KVA GJER DU?

1. Informer leiar om mistanken din
2. Observer og drøft uroa
3. Skriv ned kva som har skjedd, noter tid og stad for hendinga

### 2. SPØR

- Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje barnet om kva som har skjedd
- Bruk gjerne barnet sine egne ord
- Ver nysgjerrig og utforskande på det barnet seier samstundes som du tek vare på barnet
- Lat barnet fortelje seg ferdig, du treng ikkje stoppe samtalen og gå inn i alle detaljar
- Det er viktig at barnet opplever at du toler å høyre det han / ho fortel
- Vis at du bryr deg og har tid til å lytte

#### Start gjerne med

- *Eg har lagt merke til at ...*
- *Du verkar trøytt / sint / lei deg ...*
- *Eg ser at du har blåmerke på armen ...*
- *Det verkar som du ofte har vondt i magen ...*

#### TIPS TIL SAMTALEN

- **Generaliser:** *Mange barn som eg snakkar med som ikkje har det så greitt heime, kan få sånne plager. Det er kanskje ikkje slik for deg. Korleis er det å vere deg heime?*
- **Gjenta** det barnet seier
- **Still opne spørsmål**, ikkje leiande spørsmål
- **Bruk støtteord:** *Mmm, fortel, fortel meir om det*
- Bruk gjerne **gode / vonde hemmelegheiter** som døme
- **Spør gjerne fleire gonger:** *Eg er her i dag, kom gjerne innom dersom du vil snakke med meg*
- Forklar kva som skjer vidare og avtal nytt møte med barnet
- Ved bruk av tolk, tydeleggjer at samtalen må bli oversatt så ordrett som mogleg

### 3. AVKLAR

Eit barn kan brått og uventa fortelje om hendingar heime, i til dømes samlingsstund, i friminutt mm. Inviter då barnet til samtale same dag i rolege omgjevnader:

- *Då du sa det... tidlegare i dag, kva meinte du då? Fortel*
- *Eg har tenkt sånn på det du sa tidlegare om ... fortel litt meir*
- *Eg har ikkje vore der, så fortel så godt du kan ...*
- *Kva skjer vidare då?*
- *Nokon gonger når barn seier ..., så kan det vere fordi noko er vanskeleg eller rart. Er det slik for deg også?*

Vis varsemd, og lat barnet fortelje så fritt som mogleg. Ikkje spør så detaljert, det er politiet eller barnehuset som eventuelt avhører barnet og ynskjer å vere dei første som spør barnet om detaljane. Når barnet er ferdig med si forteljing, bekreft det barnet har sagt og tydeleggjer at det ho / han har fortalt er viktig.

#### Lov aldri barnet at du ikkje skal seie det til nokon

Forklar at du må snakke med andre vaksne om det barnet har fortalt, men at du skal fortelje når og til kven du fortel det.

#### KVA GJER DU?

- Skriv ned det barnet har fortalt så ordrett som mogleg. Dokumentasjon er viktig. Skriv: *Barnet fortel ... mor seier ...*
- Drøft saka anonymt med barnevernstenesta, kritesenteret, politiet eller overgrepsmottaket
- Drøft med næraste leiar og til dømes helsesjukepleiar. Legg ein plan saman om kven som gjer kva i høve strakstiltak, bekymringsmelding og tilvising til hjelpeapparatet

Når du har grunn til å tru at eit barn vil komme til å bli utsett for vald, har du avvergeplikt.



## 4. HANDLE

### KVA GJER DU VED MISTANKE OM AT EIT BARN VERT UTSETT FOR VALD?

#### Send bekymringsmelding til barnevernstenesta

Meldinga skal innehalde: Personalia til barnet og føresette, årsak til bekymring (kva har du sett, høyrte, observert), kontaktperson og kva som allereie er gjort.

Meldinga skal sendast i samråd med leiar. Om leiar ikkje er einig, har du ei sjølvstendig plikt til å melde frå med underskrifta di.

Barnevernstenesta gir meldar tilbakemelding når melding er motteke og når undersøkinga er avslutta.


#### Anonym drøfting

Er du usikker? Ring barnevernstenesta for å drøfte saka anonymt.

#### Kva om saka er hjå barnevernstenesta eller er lagt vekk, og valden/overgrepa held fram?

Meld ny bekymring til barnevernstenesta. Saka kan vere lagt vekk grunna mangel på informasjon eller at familien har takka nei til hjelpetiltak. Det er viktig at du held fram med å undre deg over barnet sin situasjon, og melder i frå om uro du har på vegne av barnet.

Informasjon om vald og overgrep i nære relasjonar finn du i «Sabu-treet» på Luster kommune si heimeside eller scann QR-kode:



## Akutte situasjonar

Alle som arbeider med barn og vaksne, har plikt til å vere merksame på forhold som kan vere skadelege for barn. Når du har grunn til å tru at eit barn er utsett for vald og overgrep, har du avvergeplikt og opplysningsplikt og skal utan hinder av teieplikta melde frå til barnevernstenesta:

- ved fysiske skadar
- ved symptom på psykisk vald
- ved alvorlege trugslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet blir henta av rusa foreldre
- negativ sosial kontroll
- ved mistanke om nært føreståande eller gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap

**Politi og barnevernstenesta skal då varslast umiddelbart.**

**NB!** Ved mistanke om vald og overgrep mot barn i heimen skal **IKKJE** foreldre kontaktast.

Ved synlege skadar, ta gjerne bilete med eigen telefon. Vurder om barnet skal til overgrepsmottaket eller legevakta for å sikre bevis. Plikta di er sjølv varslinga. Barnevernstenesta og politiet vurderer barnet sin omsorgssituasjon, tryggleik, set i verk tiltak og etterforskar. Ver merksam på risikofaktorar som samlivsbrot, arbeidsløyse, sjukdom, trygd, rusmisbruk og andre vanskar i familien.

### MELDEPLIKT

*Som tilsett har du meldeplikt til barnevernstenesta når du er bekymra for eit barn.*

#### Gje informasjon om hjelpetilbod til heimen

Gje barn og familiar informasjon om vald i nære relasjonar og om hjelpetilboda som finst. Tilby nye avtalar og hjelp til å opprette kontakt med aktuelle hjelpetilbod. Skap tryggleik og tillit på at du er tilgjengeleg om barnet og / eller føresette ynskjer å snakke. Send med brosjyren: *Kjenner du deg trygg heime?*

Ikkje alle barn lever under optimale forhold. Det kan vere situasjonar der du tenkjer at barn og familiar kan ha nytte av tiltak frå barnevernstenesta. I slike situasjonar har ein ikkje meldeplikt til barnevernstenesta. Då bør ein i staden informere barn og foreldre om kva hjelpetiltak barnevernstenesta tilbyr.

#### TELEFONNUMMER – AKUTT HJELP

- Politi: **112**
- Døgnope barnevernvakt: **97 50 60 95** (dagtid) og **40 02 29 88** (kveld/natt/helg)
- Legevakt: **116117**
- Krisesenteret i Florø: **57 74 36 00**
- Overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**

#### SAMTALE-RÅD-RETTELING (DAGTID)

- Sogn barnevern: **97 50 60 95**
- Barneansvarleg Luster: **57 68 56 05**
- Konsultasjonsteam Bufetat: **46 61 91 27**
- SMISO: **57 72 10 70**
- Konsultasjonsteam personar med utviklingshemming: **55 55 69 00**

**AVVERGEPLIKT: Alle har ei personleg plikt til å avverge og hindre at personar vert utsett for skade på liv og helse.**